

# Eksamen

20.05.2020

HSE3001 Helsefremmende arbeid

**Programområde:** Helsesekretær Vg3

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, med unntak av ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at sensor kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>Vurderinga tek utgangspunkt i kompetansen kandidaten viser i oppgåvesvaret.</p> <p>Sensor vurderer i kva grad kandidaten viser måloppnåing, i tråd med eksamensrettleiinga.</p> <p>Dersom du bruker kjelder utan kjeldetilvising, vil dette bli vurdert til lågaste nivå.</p>

Du jobbar som helsesekretær ved Haugene legekantor. Arbeidsdagane er varierte, og i dag har du desse arbeidsoppgåvene:

### **Oppgåve 1**

Første pasient er Sigurd Holte, fødd 13.03.1960. I dag har han kontrolltime for KOLS-en sin. Diagnosen fekk han for nokre månader sidan. Han fortel at han jobbar som sveisar ved ein industriverkstad, og at han er aktiv på fritida og er glad i ein røyk i festleg lag.

Legen ber deg gi råd og rettleiing om førebyggjande tiltak for den ferske KOLS-diagnosen til pasienten.

Drøft dei ulike tiltaka basert på din kompetanse som helsesekretær.

### **Oppgåve 2**

Det er influensasesong, og Sigurd Holte spør om det i hans alder er grunnlag for å ta vaksine.

Kva vil du svare han? Gi ei fagleg grunngiving for kva du vel å legge vekt på når du informerer pasienten.

### **Oppgåve 3**

Andre pasient er Anna Iversen, fødd 16.06.1937. Ho fortel deg at ho ikkje har nokon helsemessige problem bortsett frå obstipasjonsplager. Ho går til deg for å be om råd. Kva for nokre spørsmål vil du stille pasienten, og kva for nokre råd vil du gi? Grunngi kva du legg vekt på.

### **Oppgåve 4**

Sjukehuset i regionen din arrangerte smittevernkurs for to veker sidan.

Temaet var «smittevern i helsetenesta».

Etter kurset blei det diskutert kor viktig dette temaet er hos dykk på Haugene legekantor.

Gjer greie for ulike tiltak i det smitteførebyggjande arbeidet ved legekantoret. Kva legg du vekt på, og kvifor?

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal du alltid oppgi dem på en slik måte at sensor kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>Vurderingen tar utgangspunkt i kompetansen kandidaten viser i besvarelsen.</p> <p>Sensor vurderer i hvilken grad kandidaten viser måloppnåelse, i henhold til eksamensveiledningen.</p> <p>Dersom du bruker kilder uten kildehenvisning, vil dette bli vurdert til laveste nivå.</p>

Du jobber som helsesekretær ved Haugene legekantor. Arbeidsdagene er varierte, og i dag har du følgende arbeidsoppgaver:

### **Oppgave 1**

Første pasient er Sigurd Holte, født 13.03.1960. I dag har han kontrolltime for KOLS-en sin. Diagnosen fikk han for noen måneder siden. Han forteller at han jobber som sveiser ved et industriverksted, og at han er aktiv på fritida og er glad i en røyk i festlig lag.

Legen ber deg gi råd og veiledning om forebyggende tiltak for den ferske KOLS-diagnosen til pasienten.

Drøft de ulike tiltakene basert på din kompetanse som helsesekretær.

### **Oppgave 2**

Det er influensasesong, og Sigurd Holte spør om det i hans alder er grunnlag for å ta vaksine.

Hva vil du svare han? Gi en faglig begrunnelse for hva du velger å legge vekt på når du informerer pasienten.

### **Oppgave 3**

Andre pasient er Anna Iversen, født 16.06.1937. Hun forteller deg at hun ikke har noen helsemessige problemer bortsett fra obstipasjonsplager. Hun henvender seg til deg for å be om råd.

Hvilke spørsmål vil du stille pasienten, og hvilke råd vil du gi?

Begrunn hva du legger vekt på.


### **Oppgave 4**

Sykehuset i din region arrangerte smittevernkurs for to uker siden.

Temaet var «smittevern i helsetjenesten».

Etter kurset ble det diskutert hvor viktig dette temaet er hos dere på Haugene legekantor.

Gjør rede for ulike tiltak i det smitteforebyggende arbeidet ved legekantoret. Hva legger du vekt på, og hvorfor?



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)